



Naturvernforbundet  
i Sogn og Fjordane



Bremanger kommune  
postboks 104  
6721 Svelgen

Fråsegna er støtta av:  
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane, Norges Jeger og  
Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og  
Fjordane.

Leikanger, 13.05.2020

## Høyringsfråsegn til Kommuneplan for Bremanger Arealdelen 2020-2032

Forum for Natur og Friluftsliv ynskjer å komme med nokre ord i forbindelse med arealdelen for 2020-2032 for Bremanger kommune.

### Tankar om endringar i planen frå LNF-områder til LNFR-områder.

I Bremanger er det mange søknadar på nybygging av fritidsbustadar utanfor regulerte hyttefelt og dette kan gi store utfordringar i tida framover. Dei fleste søknadane om dispensasjon for å kunne sette opp nye hytter og fritidsbustadar i Bremanger er i områder knytt til sjø. Ein må i den nye arealplanen ta omsyn til problema som kan oppstå i forhold til konflikt med allmenn ferdsel, friluftsliv, biologisk mangfald og estetikk.

Det blir i forslaget fremja at ein skal gjere Bremanger til ein attraktiv plass å bu, dette bør gjerast gjennom å sikre dei flotte og tilgjengelege strandsonene som omfamnar dei eksisterande byggefelta. Utan disse blir samfunnet fattigare på mange måtar. Me oppfordrar til å følgje dei statlege planretningslinjene for samordna bustad, areal og transportplanlegging og satse på å fremje helse, miljø og livskvalitet gjennom kompakte sentrum med kort veg til disse flotte strandsonene.

### Utbygging i strandsona.

Utbygging i strandsona er i utgangspunktet forbode og kan berre tillast gjennom dispensasjon. Dette vernet er til for at ein skal oppretthalde ei strandsona som er attraktiv for friluftsliv, rekreasjon, og naturopplevingar for allmennheita. Strandområda er og viktige for mange artar gjennom heile eller delar av året. I ytre Bremanger, og særleg i strandsona rundt kvernhusvika og Grotle gravplass som er viktige områder for Storspove (*Numenius arquata*, sårbar). Vipe (*Vanellus vanellus*, sterkt trua) som er sterkt truga brukar områda til både kvile og næringssøk. Det er mange forskjellige fugleartar som brukar strandsona som mellom anna tjeld, fiskemåse (*Larus canus*, nær trua), strandsnipe, sandlo, svartbak og stare (*Sturnus vulgaris*, NT). I tillegg til dette har området ein god bestand av



oter(Lutra lutra, sårbar). Artar som er vurdert som raudlista har oppført latinsk namn og status som trua i parentes. Observasjonar er henta frå Artsdatabanken.

## Naturverdiar.

Indre Grotle (Naturtypeid BN00031467) har ei flott sand- og grusstrand og klassifisert som ein viktig naturtype i Miljødirektoratets Naturbase. Det finnes mange slike områder i Bremanger andre eksempel er f.eks. ei sand og grusstrand på Haugsneset (Naturtypeid BN00031468) og på Ytre Grotle (Naturtypeid BN00031509). Disse områda er med på å sikre dyrelivet i strandsona, dette er med på å skape bulyst gjennom at ein kjem tettare på naturen. Slike naturområde er og viktige på mange andre måtar. Informasjonen er henta frå [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Ytre Bremanger er i førverande arealplan omfatta av LNF-område sone 1. Dette var for å sikre landskapet og dei kvalitetane som er i området, og nybygg skal berre skje i tilknytning til eksisterande landbruksdrift. Bygging av hytter og fritidsbustader er forbode i LNF-området og ein må ha dispensasjon for å byggje. Dispensasjon er eit verktøy for dei saker der det finnes særskilde grunnar for at lovverket er dårleg tilpassa og det må derfor være unntaket om ein skulle få dispensasjon.

Me har valt å ta for oss eit område for å vise kva verdiar som er i nærleiken av busetting som kan gå tapt når ein no i større områder opnar for å endra delar av LNF-områda til «LNFR-formål med opning for spreidd utbygging av bustader og hytter» Dette er ei uheldig utvikling for heile Bremanger og me råder dykk til å sikre igjennom arealdelen at dette ikkje blir tilfellet. Spesielt i områda i og rundt strandsona. Ei tillating kan fort gi presedens for fleire, og ein står da i fare for å tape areal som er viktige. Arealendringar er rekna som den største trusselen mot biologisk mangfald, og ein må ta det på alvor.

Me ynskjer dykk lykke til med arbeidet og håper dykk tar disse orda til dykk i det vidare arbeidet med kommuneplanen for Bremanger.

Med venleg helsing.

Åsmund Nordgulen

Koordinator

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org.nr: 912 265 722

<https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/>